iDrift
Tlf. 53 47 22 00

Vidunderleg Vamp

Konserten i Kulturhuset Husnes torsdag syner at Vamp framleis held koken, og nytt, friskt musikarblod i gruppa har slett ikkje vatna ut den typiske stilen for gruppa.

Musikken til Vamp er like varierande som havet dei så ofte syng om. Kraftig og brusande som stormbølgjer, og varsame og roande som skvulp over fjøresteinar. Musikken fyller deg frå topp til tå, og ein kan ikkje unngå å verta bergteken av samspelet mellom instrument og stemme. Bruksområda for fele og munnharpe er fleire enn eg kunne førestilla meg, og kven skulle tru at nettopp munnharpe og råe gitarsoloar kunne låta så godt saman?

Men sjølv om det var ei attraktiv gruppe som stod på scenen i Kulturhuset denne kvelden, klarte det ikkje freista meir enn rundt 265 personar, noko kulturhussjef Terje Fonneland ikkje er nøgd med.

– Det var ikkje så godt oppmøte som me håpa på, men både vêr og sesong spelar ei rolle her. Men bandet var godt nøgd, og kjem gjerne igjen, fortel Fonneland.

Den nye stemma

Det er mange år sidan Vamp såg dagens lys, men mange plater, og ikkje minst konsertar og Spelemannsprisar seinare, klarer gruppa framleis å fornya seg og bergta publikum i alle aldersgrupper. Utskifting av bandmedlem og ikkje minst vokalistar har sett utanfrå gått nær sagt smertefritt, og folk har tatt godt i mot dei nye skota på Vamp-treet.

Dette gjeld også Paul Hansen som overtok vokalistrolla i fjor, og som mange lurte på om kunne fylla skoa etter Toft og Johnsen. Sjølv skeptikaren meg må vedgå at han syng til 20 i stil, og sjølv om stemma er noko klårare og mjukare enn sine forgjengarar, så har eg ikkje ein ting å setja fingeren på.

VAMP

- Øyvind Staveland
- Torbjørn Økland
- Calle Apeland
- Paul Hansen
- Birger Mistereggen
- Odin Staveland

Sjefen sjølv, Øyvind Staveland, som saman med Torbjørn Økland og Carl Øyvind Apeland er grunnstamma i gruppa, og har vore med sidan starten, har også klart å fostra fram ein son som er like musikalsk som han sjølv. Odin Staveland imponerar stort, både med vokalprestasjonar, sjarm og musikkformidling, og på den måten får vi håpa at Vamp er sikra i ein generasjon til.

Musikkglede

Lyd og lys, samspelet på scenen og ikkje minst spelegleda som strålar frå dei seks karane gjer konsertopplevinga fullkomen. Innimellom kan det sjå ut som vampane gløymer at dei speler for eit publikum, dei leikar seg på scenen og det er ikkje vanskeleg å sjå at dette er rein kjærleik.

Variasjonen frå varsame melodiar til oppjagande og fengande rytmar syter for at konserten aldri vert kjedeleg, og menyen er samansett av både gamle klassikarar og nye perler. Diverre drukna vokalen litt på enkelte melodiar, men det er Vamp, me kan tekstane og eg vil uansett gi karane terningkast seks.

Jane E. Haaranes
jane@grenda.no